



Kaland Trelast AS

5953 Fønnes

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/503 - 0 - 16211/2008	Linda Folkestad - 56375170	107/11	01.07.2008

Søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 107/11 Kolås - bustad.

Syner til søknad dagsett 1. juli 2008 vedrørende søknad om avkjørsle frå kommunal veg, Gnr. 107, Bnr. 11, Kolås. Etter synfaring på staden og vurdering av forholda gjev vegavdelinga løyve til avkjørsle på følgjande vilkår:

- Det skal være uhindra sikt i eit område langs kommunal veg på kvar side av avkjørsla. Frisiktsona til avkjørsla vert konstruert ved hjelp av ein sikttrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsla og minimum 40m i kvar retning. Frisiktsona skal være fri for sikthindringar som byggverk, knausar, hekk, mur, buskvekstar og liknande som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Frisiktsona skal ikkje nyttast til parkering av kjøretøy. Sikthindringar som er høgare enn 0,5m kan krevjast fjerna utan vederlag.
- Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av grunneigar/brukarane av avkjørsla, uavhengig av kven som har bygget eller påkosta avkjørsla.
- Svingradius skal være slik at ein kan svinge til både høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er satt til 3m (sjå vedlagt kart).
- Avkjørsla skal utformast slik at den på dei to første metrane får eit fall frå kommunal veg på 2,5% (5cm), før vegen kan stige igjen (vedlegg 1, lendeprofil). Under sær vanskelege forhold kan vegavdelinga godta eit fall på 3cm på den første meteren frå kommunal veg. Verdiane gjeld veg med ferdig dekke.
- Under avkjørsla skal det leggast dreneringsrør med ein diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn har fritt løp inn/ut av røret. Langs heile eigedom skal offentleg grøft oppretthaldast. Grøft skal være 0,5-1,0m bred og minimum 30cm djup. Utforminga skal samsvare med normal vegggrøft profil (Statens vegvesen, Handbok 018).
- Det skal innrettast snuplass på eigen grunn slik at rygging inn/ut frå offentleg veg unngåast (FOR-1964-07-16 nr 3905).

- Avkjørsla skal være plassert som vist på vedlagt kart.

Det er §§29-31 og 40-43 i Veglova og forskrift 1964-07-16 nr 3905 som gjev lovheimel for at vegavdelinga skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med føresegnene i Veglova og på dei vilkår som nemnt ovanfor.

Med helsing

for

einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:
Knut Bjørnevoll